



Kan dette naustmiljøet verta eit bustadmiljø?

**Kan 4 naust på Korsnes verta bustadhus? Bjarne Lilleaas har stilt spørsmålet i eit interessant innspel til kommunedelplanen og konkluderar med at det ville gle dei 4 eigarane mykje å kunne tilbringe alderdomen i nærkontakt med det våte element 365 dagar i året**

Det var i 2004 dei 4 huseigarane på Korsnes fekk regulert inn nausttomtene mot friområdet ved sjølve Korsneset. Seinare fekk dei regulert området utforbi som hamn.

Nausta har status som bøteloft med ei grunnflate brutto på 70 kvadratmeter. Dei er i 2 høgder og ser nokonlunde like ut. Eitt av dei er enno ikkje fullført, men uskedalen.no får opplyst at det no skal skje.

Nausta og området rundt har vore dei 4 til stor glede, så stor at fleire av dei kan tenkje seg å få innreidd øvre høgda som permanent bustad.

Dei er klare over at ei slik omgjering har vore eit særst sensitivt emne men framfører ei rekkje argument i høve rullering av ny strandsoneplan for Sunnhordland.

Dei peikar mellom anna på at dette er i eit eldre bustadfelt og er i praksis privatisert. Nausta er store nok til innreiing av ei middels leiligheit i øvre høgda. Vatn og kloakk går rett forbi.

Lilleaas argumenterar også med at det er fleire liknande kombinaust i Uskedalen, Kvinnherad og Hordaland.

Nausteigarar er Bjarne Lilleaas, Kurt Haugland, Birger Legland og John og Inger Myklebust.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen